



DEN NORSKE KYRKJA
Hyllestad sokn

ÅRSRAPPORT 2020

HYLLESTAD SOKN



Hyllestad kommune har eitt sokn med eitt sokneråd som har ansvar for både soknerådssaker og fellelsrådssaker.

Kirkeloven 1996. § 9. *Menighetsrådets oppgaver*; Kyrkjeleg verksemd, gudstenester, vigsler og gravferder.

§ 14. *Kirkelig fellelsråds oppgaver*; Økonomi, administrasjon, personale, tre kyrkjer og eitt kapell, tre kyrkjegardar.

Årsrapporten er eit samarbeidsprosjekt mellom sokneprest, kyrkjelydspedagog, kyrkjevevje og sekretær.

Alle har gitt viktige bidrag om sine ansvarsområde til den gode kyrkjelege aktiviteten i Hyllestad sokn. Ein aktivitet som dette året, på grunn av koronapandemien, har vore redusert og litt annleis.

Hyllestad sokneråd har 6 faste medlemer og 5 varamedlemer.

Faste medlemer: Linda Ølmheim, Reidun Skår, Steinar Urnes, Anny Dale Fureli, Liv Synnøve Andersen og Brit Inger Skaar.

Varamedlemer: 1.vara: Atle Tonning, 2.vara: Odd Takle, 3.vara: Magnhild Hofland, 4.vara: Kurt Arve Kjos og 5.vara: Rune Risnes.

Når soknerådet handsamer saker som i «kommuner med flere sokn, tilligger kirkelig fellestråd» skal det møte ein representant frå kommunen. Jfr. Kirkeloven § 6, 2. ledd.

Kommunal representant: Rune Risnes. Personleg vararepresentant: Stein Arne Solheim

Soknerådsleiar: Linda Ølmheim. Soknerådsnesteleiar: Steinar Urnes.

Tilsette hos Hyllestad sokn

Kyrkjeadministrasjon: 0,75 årsverk. Kyrkjevevje 25%, Irene Fløde –innleigd frå Fjaler sokn som dagleg leiar med hovudansvar. Kyrkjeseekretær 40%, Aslak Åm Sognnes. I tillegg til å vere sekretær har han ansvar for gravplassar inkl. festeavklaring. Han avlastar kyrkjevevje og har praktisk tilsyn med kyrkjer og gravplassar, er altmogelegmann. 10 % ledig ressurs.

Kyrkjer: 0,75 årsverk: Kyrkjetenar 40%, Gunvor Instefjord t.o.m. 4.10.2020 (redusert aktivitet frå 1.9.2020 på grunn av helseutfordringar). Helge Oddvin Systad f.o.m. 4.11.2020.

Organist 35%, Erling Akse.



Skifte av kyrkjetenar

Gunvor Karin Instefjord
vert takka av
og
Helge Oddvin Systad ønskt
velkommen

- som kyrkjetenar,
ved lysmessa i Hyllestad
kyrkje 29. november
av soknerådsleiar

Linda Ølmheim



Trusopplæring, interkommunalt samarbeid: Kyrkjelydspedagog 75%, Toril Lange.

Hyllestad sokneråd har arbeidsgjevaransvaret. Toril Lange arbeider 25% hos Hyllestad sokneråd, 50% hos Høyanger kyrkjelege fellestråd

Hyllestad si finansiering av stillinga er statstilskot til trus opplæring og restfinansiering med innsamla midlar.

Tilsett hos Bjørgvin bispedømmeråd: 0,6 årsverk.

Sokneprest 60%, Audun Systad. Soknepresten har avtale om inntil 40% stilling i sokna Askvoll og Fjaler, men arbeider i praksis meir enn 60% i Hyllestad sokn.

Soknepresten er, i tillegg til å være fast medlem i soknerådet, også representert i kommunen sitt kriseteam.

Kyrjekontoret

Kyrkeadministrasjonen og soknepresten har gode kontor i tredje etasje på kommunehuset, med utsikt til Hyllestad kyrkje. Ulempa er at her, til liks med alle kontora i kommunehuset, er veldig lytt. Til fortrulege samtaler må soknepresten nytte kyrkja.

Soknerådsmøte

Soknerådet hadde 6 møte og handsama 54 saker. Soknerådet hadde fast møtedag på tysdagar frå kl. 16.30.

Siste soknerådsmøtet i 2020 var i forlenginga av ei samling med råd og tilsette på Hotel Sognefjord 8.12.2020. I reglar for sokna si verksemd står det at råd og tilsette skal ha ei samling i året. Dette var første samlinga der vi samlast utanom Hyllestad kyrkje og «skeia ut»/tok oss råd til middag og dessert sidan eg byrja som kyrkjevevjer hausten 2014.

Årlege soknerådssaker er budsjett, økonomiplan og rekneskapssaker, samt årsrapport. Det er òg gudstenesteplan og offerttildeling. Val av leiar og nestleiar skal gjerast årleg.

Ved starten av kvar soknerådsperiode vert det valt forhandlingsutval og bestemt PSU – organisering.

Av andre saker kan nemnast:

- Lokal smittevernplan etter utbrotet av koronapandemien i mars 2020.
- Plan for gjennomføring av julegudstenester jula 2020.
- Hyllestad sokneråd støtta tilsetjing av Knut Magne Nesse som ny prost i Sunnfjord.
- Avtalen om vedlikehald av gravplassane vart forlenga med «Åm Sognnes Bygdeservice» som no har skifta namn til Indrefjord Gard.
- Avtalen om opning og lukking av grav med Hyllestad Bygg AS vart forlenga for tre nye år med høve til ytterlegare forlenging.
- Tilsetjing av kyrkjetenar.

Saker som gjeld kyrkje og kyrkjegard vert kommentert seinare under der det gjeld.

Kyrkjelydsmøte med framlegging av Hyllestad sokn sin årsrapport var planlagt i forlenging av gudstenesta i Hyllestad kyrkje søndag 15. mars kl. 16:00. Dette var søndagen etter at heile landet vart stengt ned etter koronapandemiutbrotet. Den planlagde gudstenesta med påfølgjande kyrkjelydsmøte vart difor avlyst på kort varsel. Det vart ikkje opna for gudsteneste igjen før seint i mai 2020.

Prostevitjing. Den årlege prostevitjinga vart ikkje gjennomført.

Skifte av prost i Sunnfjord. Reidar Knapstad slutte i juni 2020 som prost i Sunnfjord prosti etterår. Ny prost er Knut Magne Nesse, tidlegare sokneprest i Kinn.

LIVSRITER

	2017	2018	2019	2020
Dåp - totalt	12	10	8	7
Dåp - busette i Hyllestad	7	7	4	5
Konfirmant	17	18	10	18
Vigsel	1	0	0	0
Gravferd	17	15	20	19

Vi prøver å orientere om og invitere til dåp i kyrkjebladet. Vi får ikkje lenger informasjon når eit barn blir født og difor er ein slutta med å sende invitasjon direkte til familiar.

Ved dåpssamtalen får foreldra eit innramma dåpsbilde (med eit bilde og eit vers) og ein CD med kristne songar. Ved dåpen i kyrkja får dei eit dåpslys.

Som året før var tal gravferder høgt, 19 stk. men med annleis fordeling enn i 2019, som står i parentes. Fordelinga var 4 (9) i Hyllestad kyrkje, 5 (4) i Bø kyrkje, 9 (4) i Øn kyrkje.

I eit kort tidsrom, 1. september til 8. oktober var det heile 8 gravferder. Det et var i mellomrommet mellom då Gunvor Karin Instefjord vart sjuk og slutta og Helge Oddvin Systad var tilsett. Då var det òg opna for gudstenestefeiring att med avvikling av konfirmasjons-gudstenestene. Avviklinga gjekk greitt takka vere at vi fekk hjelp av vikarar under kyndig rettleiing av Gunvor Instefjord. Soknerådsmedlemer tok òg i eit tak. Helge som søkte og vart tilsett var til betydeleg hjelp.



BARNE – OG UNGDOMSARBEID – HYLLESTAD SOKN 2020

v/kyrkjelydspedagog Toril Lange

2020 vart eit spesielt år – også når det gjeld trusopplæring. Heldigvis hadde vi gjennomført svært mange av dei planlagde tiltaka for vinter/vår 2020 då nedstenginga kom i mars. I haust har vi hatt fordelene med å bu i ein liten og oversikteleg kommune med lite smitte i lokalsamfunnet. Difor har vi kunne utvikle dei aller fleste tiltaka, stort sett utan å gjere store endringar. Hausten 2020 vart kun 1 trusopplæringstiltak avlyst pga Covid19.

Når det gjeld konfirmantane, har nok dei vore meir berørt av den spesielle situasjonen.

Med Covid -19 vart likevel ein del sett på vent. Vi ville utvikle myldresamlingane og bygge vidare på dei. Likeeins hadde vi stilt spørsmål om kva vi gjer med dei som er blitt for gamle til myldresamlingane. Vidare «myldring» om dette vart utsett pga nedstenging og restriksjonar. Følgjande trusopplærings tiltak var planlagt og stort sett gjennomført for 2020.

Myldresamling

Det var planlagt 4 myldresamlingar – ein i mnd – for 3- til 6-åringar vinteren/våren 2020.

Det vart 2 samlingar, myldresamlingane i mars og april vart avlyste.

15 born av 36 var med på 1 eller begge samlingane. Myldresamlingane er onsdagar kl. 17.15. Det startar med ei samlingsstund på ca. 30 min med song (songkort), bibelforteljing med flanellograf og lystenning. Bibelforteljingane hentar vi frå Mi kyrkjebok 4 og Mi kyrkjebok 6 som dei har fått eller vil få. I vår var tema *Jesus og borna* og *Jesus vert døypt*. Myldresamlingane vert avslutta med kveldsmat og frileik. På samlingane var og er det stor trivsel.

Kvar haust har det i fleire år vore eigne samlingar for dei ulike aldersgruppene.

Fleire gonger har vi vurdert om vi skulle endre samlingane om hausten, og invitere fleire alderstrinn samstundes – slik det vert gjort i vinterhalvåret. Men førebels held vi fast på slik det har vore.

Hausten 2020 var det difor:

Myldresamling for 2-og 3-åringar

Alle fekk boka: *Måne og sol*, frå IKO – ei kartongbok med lyd

6 born var med på samlinga.

Også i haust inviterte vi til måltid, men då serverte vi juice/mjolk og yoghurt.

4-årssamling og hausttakkefest med utdeling av bøker. I 2020 vart det delt ut ei ny 4-årsbok: *Sindre Eide: Kyrkjeboka Mi* på hausttakkefesten og *Kyrkjebok Mi Aktivitetar* på 4-årssamlinga. 5 av 7 var med på ei eller begge samlingane.

Kyrkjerottesamling: Det var planlagt 2 samlingar for 5-åringane. Første samling måtte avlysast pga koronsituasjonen. På andre samlinga kom det ingen mest truleg pga av hauststorm og mykje nedbør.



Førsteklasses og Mi kyrkjebok 6. 7 av 12 6-åringar var med på opplegget begge dagane. På samling høyrde vi om Bartimeus og dei fekk utdelt *Mi kyrkjebok 6 - Gjere saman*. På familiegudtenesta vart *MI kyrkjebok 6* delt ut.

Myldresamling advent/jul. Pga smittevernsreglar inviterte vi gruppevis til myldresamling - Vi brukte same inndeling/kohortar som i barnehagen, og inviterte berre avdelingane med dei eldste barna. På første samling var det 5 born, på neste 6. Invitasjonen vart lagt ut på Facebook og delt på Messenger og foreldre delte på lukka grupper. Det var godt med ei samling der ein kunne senke skuldrene litt i høve til smittevern. I tillegg til song, lystenning, juleforteljinga og eit enkelt måltid, var det formingsøkt der dei laga englar.

Tårnagenthelga var laurdag i Øn kyrkje og søndag i Hyllestad kyrkje. Også i år var tårnagenthelga for 3.-4. klasse. 10 av 13 var med. På tårnagentgudstenesta søndag var det også oppstart av minikonfirmantopplegget og **utdeling av biblar** til 5. klassingar. 5 av minikonfirmantane fekk bibel denne søndagen. Dei andre fekk på samlingane.

Minikonfirmantopplegget består til vanleg av 4 samlingar rett etter skuletid, minikonfirmantleir på Alværa saman med minikonfirmantar frå andre stader i Ytre Sogn og gudsteneste med utdeling av diplom. I år fekk vi gjennomført 3 samlingar før alt vart stengt. Sjølv om opplegget vart ein del redusert, fekk vi avslutta på ein skikkeleg måte med gudsteneste og diplomutdeling i slutten av mai.



9 born var med på opplegget.

LysVaken er eit tilbod til 6. og 7. klasse og vert gjennomført annakvart år. Då vi ikkje fekk overnatte i kyrkja, vart det eit ettermiddags- og kveldsarrangement, der vi avslutta med gudsteneste kl. 22.00 laurdagskvelden. Ekstra stemning vart det då straumen gjekk under gudstenesta. 8 11-og 12-åringar var med på Lys Vaken.

Utdeling av påskebøker.

Soknerådet ville gie alle born ei helsing frå kyrkja. Difor fekk alle ei IKO - bok om påske til påske. Boka vart lagt i postkassene.

Følgjande bøker vart utdelt:
Påske - fortellingen for de minste(1-2år)
Ulike påskeklistermerkebøker: (3-6/7 år)
Påskeaktivitetsboka (6/7 -11 år)
Det vart delt ut 75 bøker.

Etter soknerådsvalet hausten 2019, er følgjande med i **Trusopplæringsutvalet**:
Steinar Urnes (soknerådsrepresentant), Kari Nordbø Systad, Liv Kirsten Mjell Hofsvik og Toril Lange. Det manglar 1 medlem.
Utvalet har hatt 1 møte der ein evaluerte tiltaka som har vore og planla komande tiltak. Utvalet bruker også Facebook-gruppe til planlegging.

Vegen vidare.

Kyrkjelyden har nokre medarbeidarar som er med på samlingar gong etter gong. Utan desse hadde ein ikkje kunne invitere til såpass mange tiltak. Takk! Likevel er det ønskeleg med fleire medarbeidarar. Kanskje kan foreldre få ei meir direkte og konkret utfordring.
Det er også tid for revidering og forenkling av trusopplæringsplanen, slik det har vore omtala i fleire år. Det må gjerast i 2021.
Vi håpar at det også vinter/vår 2021, skal vere høve til å samle born og unge om den gode budskapen. Vi lengtar alle etter «normale» tider.

SAMARBEID KYRKJE – SKULE - BARNEHAGE. KONFIRMASJONS- UNDERVISNING v sokneprest Audun Systad

Samarbeid kyrkje – skule - barnehage

Hyllestad kyrkje har ei særskild plassering mellom skulen og barnehagen på Hyllestad.
I januar 2020 utarbeidde soknepresten, saman med rektor og teamleiarar ved Hyllestad skule, ein samarbeidsplan for dei ulike klassane. Det var fleire år sidan ein hadde hatt ein slik plan.
Denne planen kom, på grunn av nedstenginga, ikkje i funksjon før på slutten av 2020. Då hadde ein nokre skuleklassar i kyrkja. Planen er eit godt utgangspunkt for samarbeid vidare.

Skulegudstenesta til jul er godt innarbeidd, og det var fin deltaking ved born, både med lesing og musikk. Ein er veldig glad for å kunne få gjennomført to gudstenester for Hyllestad skule 18.desember. Der var det mange innslag, då det og var ei gruppe frå Hyllestad musikk-korps som deltok. For deltaking på skulegudstenester er det vanleg fritaksrett, men ein har inntrykk av at familiar med born frå andre kulturar og religionar også prioriterer desse samlingane. Dagen før, 17. desember, var det gudsteneste for barnehagen med fin deltaking.

Konfirmasjonsundervisning

KONFIRMANTANE i Hyllestad skulle ha konfirmanntime med øving til samtalegudstenesta 12.mars. Då vart Noreg ramma av koronapandemien og statsminister Erna Solberg kom fram og sa at no måtte landet stengast ned. Timen vår vart utsett og det er som oftast greitt når det gjeld ein time slik, men dette kom til å vare lenge. Neste konfirmanntime vart ikkje før i slutten av mai. Konfirmasjonsgudstenestene vart utsette. I løpet av 8 dagar, i midten av september, vart det avvikla fem konfirmasjonar. Det gjekk heldigvis fint, godt at dei kom før den nye nedstenginga i Hyllestad, med smittetilfella på Havyard i byrjinga av oktober. Den første gudstenesta i oktober måtte difor avlysast.

Før sommarferien hadde konfirmentane eit par timar ute i det fri. Elles deltok dei digitalt i fasteaksjonen. Der kom det inn eit bra beløp, sjølv om det ikkje var innsamling på dørene. Det kom kr.16.327, kr. 36 pr innbyggjar. (nr. 1 av 199 kommunar i Vestland fylke i høve til tal innbyggjarar)

Konfirmantane bidrog også til ei nettside som heitte «Glede». Der sende dei inn bilete om kva som kunne gje dei glede midt i nedstenginga. Det kunne vere eit vakkert naturbilde, ein aktivitet eller noko anna.

Samtalegudstenesta med konfirmantane vart først onsdag 2. september. Her bidrog dei med lesingar, lystenning og bønner. Nokre av jentene framførte også dette året «Fadervårdansen» på ein vakker og verdig måte. På konfirmanttimen før gudstenesta arbeidde dei med såkalla «collage» med temaet «Tru og håp – i ei utfordrande tid». Det vart ganske kreativt!

Elles fekk dette kullet med seg mykje før nedstenginga. Dei var på leir på Alvøra i midten av januar, saman med Balestrand, Lavik og Bjordal. Då var ein så mange som 50 personar med leiarar. Sokneprestane Kjetil Netland frå Balestrand, Andreas Ester frå Lavik, Audun Systad frå Hyllestad, og kyrkjelydspedagog Toril Lange. Det var og med to unge jenter frå Madagaskar som var i Norge i regi av NMS. Dei bidrog fint inn i fellesskapet.

Som tidlegare år var og dette kullet eit samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad og Lavik. Kirsten Gravdal Ryland var med deler av året. Linda Ølmheim var med heile året, også på alle fem konfirmasjonsgudstenestene i september.

Ein har brukt opplegget «Delta» som IKO gjev ut, samstundes som det er lagt vekt på song og drama i løpet av året. Ein har freista teke med styrken frå det tidlegare opplegget «Følg meg», med mykje gruppearbeid. Kvar samling tek til med opning og avslutning kring lysgloben.

Ein hadde ei fin sommar- avslutning i Hamneparken i Sørbøvåg i juni. Det var i alt 18 konfirmantar i Hyllestad og 6 i Lavik, i kullet 2019/2020.

Kullet 2020/2021 er på 9 konfirmantar. Dei har hatt ganske jamlege samlingar i Hyllestad kyrkje, men berre få saman med Lavik, sidan konfirmantane i Hyllestad og Lavik er to ulike kohortar. Leiarar er Linda Ølmheim og Audun Systad.

Kullet fekk ikkje dra på nattcup, som tidlegare, men fekk gjennomført lysmesse 1.søndag i advent 29. nov. med 67 menneske i kyrkja; då fordi konfirmantane vart rekna som deltakande i tillegg til dei 50 som var maksimumtalet ein hadde lov til.

Kyrkjevertordninga for konfirmantar fungerer fint med god respons frå kyrkjelyden.



Base camp og ungdomsklubb v Jostein Ryland .

I Korona året 2020 har det ikkje vore drift i ungdomsklubben i kyrkja, ei heller vart det arrangert Base Camp hausten 2020. Då vi skjønnte at eit større arrangement som Base camp ikkje vill vere mogleg å gjennomføre, planla vi ei mindre leiarsamling seinhausten 2020, men då vi fekk ein auke av Korona-smitte lokalt i Hyllestad, måtte vi også avlyse denne. Dei ungdommane som er med i leiargruppa frå Hyllestad går no på skule i Bergen, og saman med ungdommar frå Askøy held dei no på med planlegging av Base Camp hausten 2021, noko som vi alle vonar skal bli mogleg om vaksinasjonsprogrammet held fram slik som planlagt. – Vi sjåast til hausten 😊

Gudstenester

	2016	2017	2018	2019	2020
Gudstenester – totalt i Hyllestad sokn					
inkl. kvardagsgudst, barne og skulegudst.	56	50	53	47	43
Frammøte totalt	2979	3207	3318	2597	1615

Gudstenesteliv i Hyllestad v sokneprest Audun Systad

Medan ein i 2018 hadde kyrkjejubileum og bispevisitas, var det i 2019 eit «normalår» igjen i Hyllestad kyrkjelyd. 2020 må derimot karakteriserast som «annleisåret» på grunn av koronapandemien.

Oversynet ovanfor syner likevel at talet på gudstenester ikkje har vore så mykje mindre som ein skulle tru. I alt er det 14 færre gudstenester, og 982 færre deltakarar enn i 2019. Her spelar då restriksjonane på frammøte inn.

Gledeleg er det på ny å kunne skrive at trusopplærings-gudstenestene samlar mange born og familiar. Her får ein unik kontakt med ei breidde av denne gruppa i kyrkjelyden. I dei aller fleste av desse gudstenestene står kyrkjelydspedagog, organist og sokneprest saman om planlegging og gjennomføring. Gode hjelparar i trusopplæringsutval og andre stiller også opp; av dei og fleire foreldre, som syner interesse og støtte. Dette har naturleg nok vore noko mindre høve til å gjennomføre i 2020. Det skriv kyrkjelydspedagog meir om.

Føremønet i ein liten kyrkjelyd som Hyllestad er likevel at det er lettare å gjennomføre tiltak med mindre einingar. Trusopplæringa fekk ein stans i mars og fram mot sommaren.

Til påske vart det difor delt ut ein del bøker i postkassane til nokre av aldersgruppene. Det vart teke godt imot!

Den første «vanlege» gudstenesta etter nedstenginga 12.mars, var søndag 24.mai. Det var ei trusopplæringsgudsteneste, med diplom til minikonfirmantane. Elles var det ganske mange dåpsgudstenester i 2020.

Ein svært spesiell dag og kyrkjesøndag fekk me 30.august – med overrekking av kross frå Hyllestad i samband med Kystpilgrimsleia. Dette vert det skrive meir om under det punktet.

Ei annleis 17.mai-feiring

2020 gav også ei annleis 17.mai feiring utan tog og vanleg frammøte på dei offentlege stadane. For kyrkja sin del var det kjekt å få invitasjon frå Hyllestad kommune til å delta i den digitale sendinga, som vart teken opp rett utanfor kyrkja ved minnesteinen for krigsofra. Ordførar Kjell Eide hadde helsing, «Fjordklang» song og det var tale for dagen ved Karine Strandos. Sokneprest Audun Systad hadde ei andakt ut frå Salme 127, v.1-3. Dei kjente versa om : Dersom Herren ikkje byggjer huset arbeider bygningsmennene fåfengt. Dette er kjente ord som også er nemnt i fedrelandssalmen vår: Gud signe vårt dyre fedreland.

Songinnslag på Facebook

Mange kyrkjelydar var ivrige i å legge ut flotte song- og musikkinnslag på diverse digitale plattformer i løpet av pandemien. Her hos oss vart det 1.mai lagt ut på kyrkja si Facebook -side, eit songinnslag ved Kirsten og Jostein Ryland. Dette er det veldig mange som har sett og også delt. "Han bærer deg" er tittelen på den, og den ligg framleis tilgjengeleg. Lytt til den!. Der er trøyst og gode ord!

Preiker og tekstgjennomgang på nett

I løpet av koronatida har det og vore lagt ut fleire tekstgjennomgangar til søndagsteksten. Det har gått på omgang mellom prestane i Askvoll, Fjaler og Hyllestad.

Friluftsgudstenester sommaren 2020

Også før koronatida har det vore ganske mange friluftsgudstenester i Hyllestad. I 2020 var det 4. Desse er jo vêravhengig.



Best frammøte var det 16.august på Dagsturhytta med heile 42 personar som tok turen. Det var stråande sol. Trond Kråvik frå Balestrand deltok på gudstenesta med gitar. På ei Facebook -side kunne ein lese i veka etterpå: « Flott friluftsgudsteneste ved Sørefjordshytta, dagsturhytta i Hyllestad. Ei gudsteneste med himmel over seg, bokstavleg talt, og nydeleg utsikt etter at skodda letta.»

På Risneshaugane var det 25 frammøte, med litt meir ustabilt ver. Friluftsgudstenestene ved Espelandsvatnet og Kvernsteinsparken i juni månad, hadde dette året nokre færre deltakarar. Det var både på grunn av ver og smittevern restriksjonar.

På friluftsgudstenestene fungerte det fint med «medbrakt» kaffi og niste.

Elles har den gode praten rundt kyrkjekaffien vore eit sagn i 2020. Den var godt innarbeidd når pandemien kom. Ein vonar at 2021 kan by på meir normale tilhøve igjen når det gjeld kyrkjekaffi.

Kystpilgrimsleia

Kvernsteinsparken i Hyllestad er ein av dei 26 nøkkelstadane på Kystpilgrimsleia , som går frå Egersund til Trondheim. Den vart offisielt opna av dronning Sonja på øya Selja 8.juli 2018. På ein «nøkkelstad» kan ein få «Pilgrimspass». Det kom på plass i Kvernsteinsparken i 2019.

I februar 2020 var tidlegare leiar i Kvernsteinsparken, Astrid Waage og Audun Systad saman med Margun Pettersen, på ein tur rundt i Kvernsteinsparken. Ho skreiv ei lita, men innhaldsrik guidebok, om nøkkelstadane. Den kom ut same vår.

I løpet av 2020 arbeidde Audun Systad med ei oppgåve om «Steinkrossane frå Hyllestad- og den religiøse og historiske konteksten deira». Ein studietur til Irland mått dessverre utsetjast på grunn av pandemien. Det vart i staden ein tur i juni for å sjå nokre av steinkrossane hogne i Hyllestad, spesielt i Rogaland og Sogn og Fjordane fylke.

Krossoverrekking i Hyllestad kyrkje søndag 30.august – ei spesiell og fin hending

Sommaren 2020 fekk me i Hyllestad kyrkje eit spesielt spørsmål: Å vere med å legge til rette for ei gudsteneste, der det skulle bli overrekt ein kross frå Hyllestad til Bergen by. Dette i samband med Sunnviaseglasen og markering av 850-årsjubileum. Franziska Rüttimann Storemyr, avdelingsdirektør ved Kvernsteinsenteret, var med og tok initiativ til denne hendinga, saman med ordførar Kjell Eide i Hyllestad kommune.

Bakgrunnen var altså Sunnviaseglasen, ein kystpilgrimseglass med Sunnivaskrinet frå Selje til Bergen. Dette i høve at Bergen kunne høgtide 850-årsjubileum som bispesete. Før låg det på øya Selja.

I Hyllestad kyrkje var det denne søndagen lagt opp til 50-årsjubileum for konfirmantane. Desse to hendingane kunne ein kombinere, sjølv i ei tid med smittevern. Når ordføraren Kjell Eide, samt handverkaren Torbjørn Løland som laga krossen, var konfirmentar for 50 år sidan, vart dette ein fin kombinasjon.

Eiklund – Hyllestad omsorgssenter

Noko ein fekk med i 2020 var at konfirmantane var på besøk til dei eldre på Eiklund. 23 januar var 17 av i alt 18 konfirmentar der. Linda Ølmheim og Audun Systad hadde ansvar, for det som vart ein fin ettermiddag, med god kontakt med bebuarane. Tilsaman var det over 40 i daglegstova! Nokre av dei eldre fortalte interessant om si eiga konfirmanttid, og årets konfirmentar om det dei gjorde no.



Etter nedstenginga vart mykje endra. Det har vore mange færre andakter. Det var nokre i sommar og også utpå hausten fram til jul har ein hatt andakter. Dei fleste no har vore avdelingsvis. Ein har hatt mindre besøk på grunn av restriksjonane. Samstundes har ein likevel komme noko betre ut enn mange stader.

HELSINGAR MED BIBELORD OG BØNER

Eit lite hefte med «Bibelord og bønner vart delt ut på Eiklund i tida før påske. Også til nokre i heimane. «Trur og håpar dei har vore til glede og velsigning», vart det skrive på facebook-sida til kyrkja. Ganske mange tilbakemeldingar tyder på det!

Diakoni – Kyrkja si medmenneskelege omsorg og fellesskapsbyggjande arbeid

Mykje av arbeidet vårt i kyrkja har eit diakonalt preg, og vert omtala i årsrapporten elles. Ein skulle likevel gjerne hatt nokon inn i ei slik stilling. For soknepresten sin del har 2020 ført til fleire spørsmål om samtaler og sjelesorg. I Hyllestad kyrkje var det bøn og lystenning ein time kvar dag i siste veka i mars. Det vart det også nokre dagar utover våren.

Mange kyrkjelydar i landet la ut andakter og gudstenester på nettet. Her i Hyllestad vart det mest helsingar og andakter på Facebooksida, og at ein også inviterte til å ta kontakt på telefon. For kyrkjelydspedagogen, som kjenner mange born og foreldre i kyrkjelyden, vert kontakten der og av diakonal karakter. Det same gjeld for organisten, når han er med og spelar på andakter på Eiklund- ei god diakonal side. Han kjenner mange av dei eldre og kan slå av ein god prat. Når kyrkjetenar Gunvor, som gjekk av i 2020 har møtt dei som kjem til gudsteneste og kyrkjelege handlingar, med eit smil, så er dette og ei god diakonal teneste. Ein ny kyrkjetenar Helge, følgjer opp. Kontakten som Irene og Aslak har med dei som kjem på kyrkjekontoret eller ute i felten byggjer og på det same: Å skulle bidra til å byggje fellesskap og medmenneskeleg omsorg.

Elles er det mange som har ei frivillig teneste som byggjer det diakonale omsorgsarbeidet.

Bønegruppa, som møtest kvar onsdag kveld i kyrkja (nokre få gonger på Skype i 2020), har ei viktig oppgåve. Der kjem det inn bønneemne frå menneske i kyrkjelyden, og det blir bedd for dei samlingane som til ein kvar tid skal vere.

Mellom kyrkja og flyktningetenesta har det vore kontakt, mest i starten av 2020. Nokre i kyrkjelyden har blitt spurt til å vere sjåførar for arrangement som denne gruppa skal til, og det har fungert fint.

Soknepresten er medlem av kriseteamet i kommunen og møter fast der.

Soknerådet tok for tre år sidan opp att å gje blomsterhelsing til pårørande før jul. Dette vert det sett pris på.

Internasjonal diakoni med Kirkens Nødhjelp, der konfirmantar vert involverte, har ein lang tradisjon for. I 2020 vart denne digital, og det kom inn nær 17.000 kr.

Den årlege kyrkjelydsbasaren, med mange frivillige medarbeidarar, som sel lodd og går på husbesøk, kan gjerne kallast ei diakonal gjerning! I 2020 måtte denne avlysast, men ein satsar på å komme igjen i 2021.

Involvering

Sjølv om det var mykje nedstengt i 2020 heldt arbeidet med involvering fram. Ein har frivillige klokkarar, konfirmantar og andre som deltek.

Organist og prest har fleire gonger formidla spørsmål om song- og musikk-innslag, noko som har vorte sett pris på. Kirsten og Jostein Ryland syng ved fleire høve, og formidlar spørsmål til andre. Det er verdfullt. Gruppa «Moreld», har og i 2020 delteke ved fleire høve. Også «Fjordklang»

Innslag om misjon og kontakt over landegrenser

Hyllestad kyrkjelyd har i ei årrekkje støtta misjonsprosjektet til Mali gjennom Det Norske Misjonsselskap (NMS). **Toril Lange** som sjølv har vore misjonær i Mali, og no er trusopplærar, tek dette aspektet med inn i undervisninga i kyrkjelyden og ved leirar på Alværa misjonssenter. Når det gjeld naudhjelp, formidlar **Kirkens Nødhjelp** sin fasteaksjon viktige impulsar både til konfirmantar og andre.

Bøn ved nedstenginga: (frå Balestrand kyrkjelyd, og vart mykje brukt her i bispedømet):

BØN

Herre Jesus Kristus,

Du lækte sjuke og tok deg av dei som var hjelpelause.

Vi kjenner oss hjelpelause i denne kritiske tida for menneske i heile verda.

Ta deg av dei som er smitta og dei som er sjuke. Lat dei få att helsa.

Beskytt dei som har lågt immunforsvar, frå å verte smitta.

Kom med din fred til dei som er redde.

Verna dei som arbeider i helsevesenet og omsorgstenestene, så dei ikkje vert smitta.

Vi bed for skuleelevar, familiar og verksemder som vert ramma hardt av denne epidemien.

Gje visdom til styresmaktene i kommunen vår, i Noreg og i verda til å handtere denne situasjonen.

Hjelp oss å få kontroll over spreinga av corona-viruset.

Miskunna deg over oss, Herre Jesus.

Du skal ikkje frykta for redsler i natta,

for piler som flyg om dagen,

for pest som fer fram i mørkret,

for plage som herjar ved middagstid.

Du, HERRE, er mi tilflukt.

Salme 91, 5 – 6 og 9a

Kyrkjelydsbasar, konsertar og kulturarrangement, kyrkjeblad, heimeside m.m.

v/ kyrkjeseekretær Aslak Åm Sognnes

Kyrkjelydsbasaren 20.okt. vart ikkje gjennomført dette året, grunna korona-pandemien.

Konsertar og kulturarrangement i Hyllestad:

25.mars: Tøge Talle og Ole-Henrik Moe med ei akustisk framsyning av «Draumkvedet», heile 52 vers. Begge har sterk familietilknytning til Sogn. Difor har dei fått Alv Reidar Dale, frå Leikanger, til å gjendikte visjonsdiktet. Ei herleg gjendikting til «sognamaol», med gripande tonefylgje av gamle melodiar frå Sogn og Fjordane.



31.okt.: Fjordklang, saman med kulturskuleelevar, heldt konsert i Hyllestad kyrkje. Eit variert og godt program som høvde særst godt, ettersom det var Helgemesse sundag 1.nov.

3.sundag i advent var det, tradisjonen tru, julekonsert. Eit samarbeid mellom soknerådet og Hyllestad og Fjaler kulturskule. Grunna avgrensingar i samband med koronapandemi, vart konserten dette året gjennomført i den nye fleirbrukshallen i Hyllestad. Det var berre få tilhøyrarar til stades, (tildelte plassar for foreldre/familie), men opptak av konserten vart tilgjengeleg på nett fram til 31.12.20.

Kyrkjeblad – Heimeside – Facebook

Kyrkjebladet kom ut med to nummer i 2020, normalen er tre nr. pr. år. Mange er takksame for å få kyrkjebladet i postkassa og betalar bladpengar. Bladpengar, saman med annonseinntekter, gjer det mogeleg å fortsetje å gje ut bladet.

I tillegg til kyrkjebladet kommuniserer Hyllestad sokn med innbyggjarane via Facebook. (søke på *Kyrkja i Hyllestad*), heimesida (www.hyllestad.kyrkja.no)

Våren 2020 avslutta lokalavisa Firda gratistenesta Det Skjer. No blir gudstenester kunngjort kvar laurdag i ein felles annonse for heile Firda sitt dekningsområde. Der står berre stad og klokkeslett, og det blir vist til heimesida for meir informasjon.

Kyrkjer, kapell og gravplassar

Kyrkjer

Bø kyrkje vart måla. Tårnet står att på grunn av at liften svikta og vil bli måla i 2021.

Før måling vart det gjort skogrydding rundt kyrkja. Det er ikkje bra for kledning og måling å ha trær ståande tett inntil. Takrenna på nedsida av kyrkja vart skifta då den lak.

Varmestyring, fjernstyring av varmen vart montert på slutten av året. Ein valde den enklaste og billigaste løysinga som for eit par år sidan vart montert i Øn kyrkje og fungerer bra.

Den brannsikre safeen i Bø kyrkje var ikkje av føreskriftsmessig standard og vart utskifta

Hyllestad kyrkje. Dei to siste vindauga på nedsida av kyrkja fekk omfattande vedlikehald der alle rutene vart tekne ut, rotne sprosper skifta før kitting og replassering av rutene. Det synt seg at det var på høg tid at denne utbetringa vart gjort. Det tredje vindaugget fekk vedlikehald i 2019.

Dessverre lukkast det ikkje dette året heller å få gjort ferdig galleriet og rommet bak galleriet, men det vert gjort i 2021.

Preikestolen vart, ved ombygginga av kyrkja, teken ut og sett på lager i Sørbøvåg med årleg lagerleige. Soknerådet meinte ein ikkje kunne kvitte seg med den sjølv om biskopen gav munnleg løyve til det. Preikestolen står difor no i bårehuset ved Bø kyrkje.

Hyllestad kyrkje fekk litt nytt inventar. Glasplate på det store altaret for å beskytte altarduken. Lys på galleriet over orgelet. Supplering av 30 salmebøker og 30 lette stablestolar.

Øn kyrkje og Øn kapell hadde ikkje vedlikehald.

Gravplassar

Avtale om vedlikehald og graving

Soknerådet er godt nøgd med avtalen med Åm Sognnes bygdeservice om kyrkjegardsslått og vedlikehald av gravplassane, og avtalen med Hyllestad Bygg AS for opning og lukking av grav i samband med gravferder. Begge desse avtalane vart forlenga i 2020.

Årleg arbeid på alle gravplassane er planering og tilsåing av graver. Klipping og beskjerjing av hekk og trær. Fjerning og knusing av gravminne frå sletta graver.

Bø gravplass

Dugnadsarbeidet med å skifte ut gjerdet rundt gravplassen vart påbyrja i vår. Ein god gjeng var samla eit par økter og fekk skifta gjerdet frå bårehuset, langs heile parkeringsplassen. Dei rydda og rundt kyrkja og på gravplassen. Dugnadsgjengen var meint å halda fram tidleg i haust, men det vart utsett, grunna koronautbrotet som då råka Hyllestad og skipsverftet Havyard.



Hyllestad gravplass

Det var problem med groinga av graset på det omarbeidde feltet på oppsida av kyrkja. Delar av feltet vart sådd i på nytt, og vi håpar at det vil bli betre komande sesong.

Øn gravplass

På Øn gravplass vart det etter kvart ei altfor stor utfordring med store mengder stor stein i det ubrukte arealet på den nye delen. I tillegg kom vi stadig nærare eit, til tider, særst vått område. I august fekk vi endeleg gjennomført den lenge etterlengta og ikkje minst; heilt nødvendige omgravinga av det ubrukte arealet på den nye delen. Bjørkhaug Maskin A/S fekk oppdraget med turvande masseutskifting og grøfting.



Vi er svært glade for at dette prosjektet endeleg vart gjennomført. Feltet lyt kvila enno ei stund, slik at massane får sett seg og graset får etablert seg, før ein tek det i bruk.

Oppgaver på gravplassane som MÅ bli realisert.

Vi har som mål å få realisert litt kvart år.

Bø gravplass:

- ✓ Fjerne nokre fleire tre som har blitt for store.
- ✓ Fortsetje dugnadsarbeidet med utskifting av gjerdet rundt gravplassen.
- ✓ Kome a jour med festeavklaring og få rydda det gamle gravfeltet nær kyrkja som er stengt for graving.
- ✓ Undersøke om nemnde gravfelt kan nyttast til urnefelt.
- ✓ Måle og vedlikehalde toalett / reiskapshuset (tidlegare bårhuset) med ny platting framfor.

Hyllestad gravplass:

- ✓ Vasspost – frittstående borte frå kyrkjeveggen.
- ✓ Festeavklaring på felt B på nedsida av kyrkja.
- ✓ Påfylling av jordmasse for å jamne ut grasbakken.
- ✓ Reiskapshus i skråning mot veg er heilt påkravd.

Øn gravplass:

- ✓ Bore etter vatn – er problem med vassforsyninga.
- ✓ Fortsetje arbeidet med festeavklaring og få fjerna gravminne frå graver som ikkje lenger er ønskt festa. Dette er eit svært tidkrevjande arbeid som vil strekkje seg fram i tid.
- ✓ Påfylling av jordmasse for å jamne ut grasbakken.
- ✓ To nye benkar.

Hyllestad sokn Rekneskapen 2020

Rekneskapen til Hyllestad sokn vert ført av Hyllestad kommune, og revidert av kommune-revisoren. Dette som ein del av tenesteytingsavtalen med kommunen, og det fungerer godt.

Hyllestad sokn sin rekneskap har fire tenester:

Kyrkjeleg administrasjon, Kyrkjer, Gravplassar og Andre kyrkjelege føremål. Kommunen har finansieringsansvaret for all aktivitet under dei tre første tenestene. Kommunen sitt økonomiske ansvar overfor den lokale kyrkja finn ein i kyrkelova (KL) § 15. *Kommunens økonomiske ansvar, og gravferdslova § 3. Kirkelig fellesråd og kommunens ansvar.*

Aktiviteten under funksjonen/tenesta «Anna kyrkjeleg verksemd» er soknerådet sine oppgaver etter § 9 i kyrkelova (KL). Her er det berre ved *Konfirmantarbeid* at det er lovpålagt kommunal delfinansiering. Kommunen har etter kyrkelova § 15: ansvar for utgifter til *"lokaler, utstyr og materiell til konfirmasjonsopplæring"*.

Inntektene er elles offer, gåver, tilskot og basar m.m. Offer og gåver finansierer utdelingsmateriell som til dømes dåpsbilde, dåpslys, fadderhelsingar og bøker som vert delte ut, som 4-årsbok, 6-årsbok og bibel. Soknerådet mottok statstilskot til trusopplæring, der ein har rapporteringsplikt til kyrkjerådet via bispedømmerådet. Statstilskotet dekkjer ikkje alle utgiftene soknet har til trusopplærar-stillinga, så basarinntekter og gåver fullfinansierer tiltaket årleg med om lag kr 30 000. På grunn av koronanedstenginga hausten 2020 fekk vi ikkje gjennomført basaren.

Tilskot, inntekt, og resultat

Rekneskapen er, under dei tre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar + utgifter til konfirmasjonsundervisning, avslutta med eit mindreforbruk/overskot på kr. 17 089.

Sum driftsinntekter, inkludert inntekter under 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 2 871 047.

Driftstilskotet frå kommunen var i 2020 kr 1 700 000. Svært kjærkome med kr 150 000 kr i auke etter at tilskotet i 2019 var det same som i 2016.

Brukarbetaling, avgifter og leigeinntekter kr 165 093. Refusjonar/overføringar kr 270 761. Andre tilskot, gåver og innsamla midlar kr 96 676.

Tilskot frå rettssubjektet Den norske kirke (Kirkrådet) kr 461 000 er tilskot til trusopplæring (interkommunal stilling; 25 % Hyllestad og 50 % Høyanger.

Kalkulatoriske utgifter og kalkulatoriske inntekter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet; kr 177 516. Det er i hovudsak utgifter kommunen har til rekneskapsføring, lønsutbetaling, revisjon, kontorlokale, snøbroyting samt bygsleavgift for Hyllestad gravplass.

Inntekter med auka inntektpotensiale er Provisjonsinntekter. Inntekt - provisjon for formidling av oppussing av gravminne og innhogging av nye namn vart kr 13 968. Dette er inntekter som er vanskeleg å budsjettere med då vi ikkje på førehand kan vite kven som ønskjer å nytte seg av denne tenesta. Her er inntektpotensialet større, då det er mange gravminne på festa graver som burde hatt oppussing. Dette er kjærkomne inntekter, då det framleis er svært mykje oppryddingsarbeid som står att på gravplassane. I tillegg er formidling av gravminnesal som er nytt i 2020, men berre eitt gravminne vart formidla.

Brutto driftsutgifter, inkludert inntekter under tenestene 044 Anna kyrkjeleg verksemd, er kr 2 759 786. Lønn og sosiale utgifter utgjer kr 1 422 797. Pensjonsutgifter er ein stor kostnad, også for soknerådet. Kostnaden er vanskeleg å budsjettere då det er ein reguleringspremie som kan variere mykje frå eitt år til det neste. Reguleringspremien betalar ein både for tilsette som er i arbeid og tidlegare tilsette som er slutta i arbeid. Dette året var reguleringspremien låg.

Kjøp av varer og tenester kr 925 973. Refusjonar/overføringar kr 187 778. Tilskot og gåver, kr 45 721 er betydeleg mindre enn førre år då det var rekordstore kr 80 728.

Kalkulatoriske utgifter og kalkulatoriske inntekter (går i null) er storleiken på kommunen si tenesteyting til soknet. Kr 177 516.

TENESTEOMRÅDE

04100 Kyrkjeleg administrasjon.

Hyllestad sokn er eit lovbestemt kyrkjeleg organ der forvaltingslova og offentlegheitslova gjeld.

Kommunen har økonomisk ansvar for: KL §15 d) *driftsutgifter for fellesråd og menighetsråd, herunder utgifter til administrasjon og kontorhold.* KL § 37 *Kirkebokføring.*

Soknerådet sine lovpålagte oppgåver kan ikkje gjennomførast utan ein administrasjon av ein viss – storleik, samt utstyr og programvare. Som kommunen er medlem av KS, er soknet medlem av KA (Kirkens interesse og arbeidsgiverorganisasjon). Kyrkjebokføring og føring av gravregister treng spesialutvikla program der ein, som til KA, også betaler årlege avgifter.

Driftsutgift: kr 773 439 inkludert mva kr 16 826, overskot kr 17 089 og kalkulatoriske utgifter/inntekter kr 177 516.

04200 Kyrkjer

Hyllestad kyrkje, Bø kyrkje, Øn kyrkje og Øn gravkapell.

Kommunen har økonomisk ansvar: KL §15 a) *utgifter til bygging, drift og vedlikehold av kirker.*

Det er krevjande, både for ein liten kommune og soknerådet, å ha ansvar for ein stor bygningsmasse. Like fullt står bygningane der og kommunen har økonomisk ansvar og soknerådet praktisk ansvar. Driftsutgift: kr 833 081 inkludert mva kr 43 160, eks. avskrivning kr 129 319. Driftsinntekt: kr 70 810 inkludert mva kr 43 160.

Tilskot/gåver frå andre: kr 17 150 er personlege gåver. Midlane er gitt til bestemte føremål og er difor sett av på bundne driftsfond og må nyttast til det gjevarane ønskjer.

04300 Gravplassar

Hyllestad , Bø og Øn gravplass.

Kommunen har økonomisk ansvar: KL §15 b) *utgifter til anlegg og drift av gravplasser.*

Driftsutgift kr 559 452 inkludert mva kr 105 194.

Inntekter er festeinntekter, innbetaling for utanbygds gravferd og gravstell kr 86 705. Mva kr 105 194.

044 ANNA KYRKJELEG VERKSEMD (TIDLEGARE SOKNERÅDSAKTIVITET)

Her har vi tenester som, med unnatak av utgifter til konfirmantarbeid, vert «nulla ut» mot bundne driftsfond før rekneskapsavslutning. Dette fordi desse vert halde utanfor dei andre funksjonane der kommunen har finansieringsansvar.

Offer, gåve og tilskot under dei ulike tenestene

Det årlege statstilskotet (via kyrkjeråd og bispedømmeråd) til trusopplæring i Hyllestad og Høyanger var kr 461 000, ei lita auke frå året før, men ikkje stor nok til å kompensere løns- og prisveksten. Til dette viktige arbeidet i Hyllestad kjem som nemnt basarinntektene godt med til fullfinansiering. Dette året fekk vi ikkje avvikla basar så heldigvis hadde vi pengar til gode frå tidlegare basarar.

Med unnatak av tenesta «Trusopplæring – interkommunalt samarbeid» samsvarer rekneskapen dårlegare med budsjettet enn det vanlegvis gjer. Budsjetteringa er erfaringsbudsjettering med usikre inntekter og vil aldri «treffe» heilt. Men det store avviket dette året skuldast redusert aktivitet grunna koronapandemien.

Tenesta Barne- og ungdomsarbeid. Her har soknerådet dei to prosjekta: Base Camp og Ungdomsklubben. Tidlegare soknerådsmedlem Jostein Ryland har ansvar for aktivitet og delegert ansvar for økonomi under denne tenesta. Grunna koronapandemien og restriksjonar har det dette året ikkje vore aktivitet.

Tenesta Trusopplæring 0-18 år omfattar alt som gjeld barne og ungdomsarbeid med unnatak av dei to konkrete prosjekta «Ungdomsklubb» og «Base Camp» samt tenesta konfirmantundervisning. Kyrkjelydsbasaren let seg ikkje gjennomføre og difor er offer/innsamla midlar låge: kr 14 966. Kr 1 342 er avsett til bunde fond.

Tenesta Konfirmantundervisning: kr 27 455.

Tenesta Diakoni: Bruk av kr 2 771 av offermidlar til kyrkjelydsarbeidet. (blomehelsing, jul til pårørende og bøker til utdeling).

Tenesta Kyrkjelydsblad: Gåve/Bladpengar er kr 31 520 og i tillegg kjem annonseinntekter kr 22 400. Nedgang i bladpengane, men på grunn av at vi ikkje fekk tid til å gje ut meir enn 2 av vanlegvis 3 blad vart det kr 35 085 i overskot som er sett av på bunde fond.

Tenesta Kyrkjelydsarbeid. Offer til kyrkjelydsarbeid er ført her med kr 7 373, der kr 2 771 er overført til diakoni og kr 3 456 er avsett på bunde fond. På grunn av færre gudstenester og reduksjon i kor mange som fekk vere der, var det nedgang i offergåvene i koronaåret 2020.

Offer til anna arbeid/andre organisasjonar: overført kr 27 556. Fasteaksjonen var digital og ikkje synleggjort i rekneskapen. Offer til Kirkens Nødhjelp: overført kr 6 882. NMS til misjonsarbeid i Mali: overført kr 11 284.

Investeringsrekneskapen (kostnad eks. mva)

Hyllestad kyrkje har hatt prosjektet; restaurering av to vindauge, kr 116 656. Bø kyrkje har blitt målt (tårnet står att) samt fått skifta takrenne på eine langsida, kr 159 097. På Øn gravplass vart eit gravfelt gravd om med drenering og masseutskifting (stein mot sand), kr 399 502. Prosjekta er finansiert med kommunale tilskot.